

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bremanger.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten.

Gard:

(adresse): Kjelkenes .

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Går fram av svara.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Bremanger er gardane små og arbeidet på gardane har frå gammalt av hatt svært lite å seie. Eg torer seie at her er fleire gardar utan hest enn med hest, so transporten av høy har nok gått före seg på menneskeryggen. Teigane för utskiftinga var svært små.

1. Her er ikkje nokon gard som kan karakteriserast som stor. Skilnaden her vert mellom dei som har hest, og dei utan. Her er nokre gardar med hest, men hestene vert likevel ikkje brukt korkje til slåmaskin eller köyring av høy.

Utmarkslått er no heilt slutt. I Botnane var der 4 gardar som hadde utskift teigar i utmarka. Det fyrste eg hugsar (omkring 1905) vart desse teigane slegne årvisst. Det var borna sitt arbeid å halde sauer og geiter vekke. Kyr kunne ikkje kome til. Slåtten minka av litt etter litt, og etter 1912 trur eg ikkje desse teigane var slegne. Men merka står framleis. To av desse gardane må reknast til større gardar.

Nokre bruk i Nordbotten, Botnane, slær endå årvisst nokre små øyar ute i fjorden omlag 1 km. frå land. Dei to gardane på Dyrstad (større bruk) har vårfjøs oppe i lia. Kring desse er der nokre flater. Der slo dei til omkring 1920. Men høyet vart turka på staden og nytta tilfor åt kyrne kvæld og morgon om våren.

Ein av dei få, og kanskje den siste, húsmanden budde på Eikeland. Han hadde bygsla eit stykke der. Dei slo kvart år på nordre sida av Nordguæen på nokre små flater der. Høyet vart fört i båt til Eikeland og turka der.

Det vart slutt då mannen døydde, litt för 1920. Mange stader har dei no fått utskift teigar i utmarka og gjerda dei inn. Men desse teigane vert gjödsla og litt etter kvart oppdyrka, so dette kan vel ikkje reknast til utmarkslått.

2. I Botnane vart alltid høyet lagt rått i borer på utmarksteigen. Eit bruk brukte båt til å före høyet heim, dei andre bar det heim, og der vart det turka.

Stakk og utlöe har ikkje vore i bruk her, med unnatak av vårfjösa på Dyrstad (Dyrstadsætra). Til hesa vart høyet bore på bære (stutt veg), i bór og småslumpar i kipe. Bórane vart borne i tau. Bórsvolk og sloe er ikkje kjend her

2
Höyböra ~~vart~~ laga slik:

Tauet vart lagt på ei flate. So laga dei fengje med rive, dersom höyet var turka på marka eller var råhöy. Tok dei höyet or hes, la dei kvalmane til fengje og tok det mellom hendene. Det fyrste fengjet vart til vanleg lagt lengst frå hovda. Det andre vart so lagt attmed hovda. Når böra var ferdig, laut ho gjörast. Store börar var dei alltid to om å gjöre. Dei stod ved kvar sin ende av böra. Den som skulle bere, drog tauet godt inn under böra, ~~ss~~ hovda kom godt inn under. Elles fekk dei det som vart kalla halshovd d.v.s. hovda tok ned på halsen eller ryggen på den som bar.

Tauet vart so sendt til den som stod ved hovda. Han tok tauet gjennom hovda og rette den eine tauparten til den som skulle bere.

Vi hadde ei tenestgjente, omlag 50 år omkring 1910. Ho var svært nøgjen på at den som stod ved hovda, skulle sende den vinstre parten frå seg. På den måten fekk kvar dra i högre parten.

Börane vart borne slik: Anten utan fatler, böra vart teken godt opp på herdane og tauet over hovudet. Eller dei laga fatler, helst når det var lang veg. Då vart tauet helst teke over herdane, men skiftevis over hovudet slik at dei fekk lyfte böra betre opp.

Beraren fekk alltid hjelp til å reise seg med større börar. Dette kunne gå for seg på to måtar. Den eine måten var at beraren sette seg ned attmed böra, og den andre skuva böra framover, og beraren reiste seg opp med det same. Denne måten vart alltid nytta, når beraren hadde fatler. Den andre gjekk for seg slik at dei snudde böra litt framover, og hjelparen tok tak i begge taupartane der böra för hadde lege på marka. So tok beraren tak i tauet litt frå hovda, og dei letta böra opp mellom seg. Beraren snudde seg so fort og fekk ryggen under böra. Begge desse måtane vart kalla å litte på böra.

Borna var med i arbeidet, men nokon sers arbeidsdeling kjenner eg ikkje til. Raking og hesjing var helst kvinnearbeid, og det var sjeldan bar börar so lenge det var godt om arbeidshjelp. Gjöring og pålitting av börar skifte etter som det hövde, likeins fengjing og ileggjing.

Snorsekk til höy er ikkje kjent her. Löypestreng til frakting av höy har ikkje vore brukt, og er det heller ikkje. Kiper var og er mykje brukt, særleg til rått gras. Når dei slær på steinut jord, raker dei graset saman og har det i kipa. Er det stutt veg til hesa eller turkeplassen, ber dei det dit i kipa, elles samlar dei fleire kiper og legg i bör.

Trillebör til höy har ikkje vore i bruk her. Dei ~~brukte~~ brukte bærer. Bårene var laga av to lange armar med ein 5-6 fjöler tvertover. Bærer utan tverbrett er ikkje kjend her. Det hende ofte at borna laut bere båra.

Reiskapet med fire langsgående trestaver er ikkje kjent i Bremanger.

3. Alt höy vart fört heim øe sommaren.

4. Köyrevogna er alltid ei to-hjula vogn av ymse lengd. Lengda rettar seg etter storleiken av löa. Til vanleg nyttar dei same hjulparet som til mökavogna, so noko visst mål er det uråd å gje opp. Vogna vert alltid kalla höyvogna.

I Sörgulen har eg høyrte brukt ordet slede om ei höyvogn, men det var eit sers hjulpar. Hjula var mykje mindre i tvermål enn vanleg og svært ~~høix~~ breie. Hjul-slede har eg ikkje høyrte.

Lengd og breidd skifter etter tilhöva. Sume stader er vogna laga slik at dei kan snu hesten med lasset inne på låven. Då lyt vogna vere stutt. Andre let hesten gå attænges utatt av låven. Då kan dei bruke lenger vogn.

Skjækene er so lange at dei rekk heilt bak til der vogna böyer opp og er omlag beine sett frå sida. På stutte vögner går fjölene langsetter, på lenger vögner på tvert.

Den nemnde slede (i Sörgulen) var svært lang, men byrja böye opp frå hjula. Fjölene oppå låg på tvert utan mellomrom.

Eg kan minnst at eit bruk i Nordbotten bruka slede til å köyre inn turrhöy (omlag 1905). So vidt eg har kunna fått greie på, var dette ein vanleg slede, og lassa var ikkje store. Sleden var gått av bruk omkring 1910.

Reglar om köyring med slede og vogn har eg ikkje treft på.

Det var alltid ei serleg vogn som vart bruka til höy- og kornköyring. Det vanlege var vogn utan grind, men sume stader hadde dei grind.


Ein mann var på lasset og la det. Det heitte å leggje lasset eller å vere på lasset, aldri å trakke lasset. Det siste er kome i bruk litt i det siste.

Lasset vart lagt i rullar i begge ender av vogna, og so vart det trakka höy ned mellom desse rullane. Som för nemnt, skifter storleiken etter tilhöva, bratt innköyrsle, bratte jorder m.m.

Lasset vart fest med tau frå bakenden av vogna og rundt skjækene framme. Det heiter å gjöre lasset, og tauet heiter gjöretoget eller berre toget. Hovd vart ikkje nytta. Dei festa midten av tauet kring övste tverfjöla bak. Ingen gard har to hestar.

5. Fellesslått er ikkje kjent her.
6. Transport av höy om vinteren forkom ikkje.

Sideriss av vanleg höyvogn i Bremanger.



Sideriss av den i svara nemnde slede i Sörgulen.

